



Statsforvaltaren i Rogaland

HØYRING

Frivillig vern av 2 skogområde i Rogaland,

Djupalia naturreservat i Sandnes kommune

Riskadalsvatnet naturreservat i Hjelmeland kommune



Tittel : Høyring
Frivillig vern av 2 skogområde i Rogaland, Djupalia naturreservat og Riskadalsvatnet naturreservat

Dato : 04.05.2026

Forfattar : Solbjørg Engen Torvik

Emneord : Naturreservat, frivillig vern av skog, edellauvskog, naturmangfald, trua og nær trua artar og naturtypar.

Utgivar : Statsforvaltaren i Rogaland

Tal sider : 27

Ansvarleg signatur : Cathrine Stabel Eltervåg

Forsidefoto : Djupalia naturreservat. Foto: Ecofact



Riskadalsvatnet naturreservat. Foto: Solbjørg Engen Torvik

Samandrag

Verneprosessen i to skogområde i Rogaland er med dette dokumentet sendt på offentlig høyring til grunneigarar, naboar, lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar.

Høyringa gjeld Djupalia naturreservat og Riskadalsvatnet naturreservat. Begge områda er tilbodne gjennom ordninga frivillig vern av skog og aktuell verneform er naturreservat. Områda har verdifull skog og skogsmiljø med sjeldan og sårbar natur i form av trua og/eller nær trua naturtypar og artar, skogtypar med viktig økosystemfunksjon og dei er levestad for mange ulike organismar. Felles for desse områda er at dei har mykje rik edellauvskog. I Djupalia er det rik eikeskog med mykje innslag av ask (EN), alm (EN) og lind (NT). I Riskadalsvatnet er det rik edellauvskog med eik og mykje styva tre av ask, samt ei stor meng trua og nær trua artar.

Områda er verna mot skade, øydelegging og forstyrring av plante og dyreliv. Det vil fortsett vere mogleg å nytte verneområda til enkelt friluftsliv, sanking av bær og matsopp, og til jakt etter gjeldande reglar. Naturreservata er ulike og for å ta vare på det unike med kvart enkelt område, har dei litt ulike vernereglar i verneforskriftene. Det er difor viktig å gjere seg kjent med desse.

Alle som ønsker, kan komma med uttale og merknader til verneforslaga i denne høyringa.

Frist for å senda uttale er sett til 06.07.2026.

Utar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2026/50** og namn på omtalt verneforslag.

Innhald

Samandrag	3
Innhald	4
1. Verneforslag i denne høyringa	5
2. Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag	7
2.1. Heimelsgrunnlag	7
2.2. Kunnskapsgrunnlag	7
3. Sakshandsaming.....	9
3.1. Saksgang for dei einskilde verneforslaga.....	10
3.2. Mottekne merknadar til oppstartsmeldinga og Statsforvaltarens kommentarar.....	11
3.2.1. Merknader til Djupalia naturreservat i Sandnes kommune	11
3.2.2. Merknader til Riskadalsvatnet i Hjelmeland kommune	13
4. Endringar etter oppstart av verneplan	15
4.1. Namneendringar	15
4.1.1. Håheller → Djupalia naturreservat.....	15
4.2. Grenseendringar	15
5. Konsekvensar ved vern.....	16
6. Forvaltningsmyndigheit	17
7. Høyring.....	18
8. Verneforslaga	19
8.1. Djupalia naturreservat, Sandnes kommune.....	19
8.1.1. Kommentar til verneforskrifta for Djupalia naturreservat	21
8.2. Riskadalsvatnet naturreservat, Hjelmeland kommune.....	22
8.2.1. Kommentar til verneforskrifta for Riskadalsvatnet naturreservat	24
9. Referansar	25
10. Vedlegg.....	27

1. Verneforslag i denne høyringa

Statsforvaltaren i Rogaland sender med dette på høyring forslag om vern av to nye naturreservat i Rogaland (figur 1):

- **Djupalia naturreservat**, Sandnes kommune, ca. 1447 daa, eigd av 1 grunneigar.
- **Riskadalsvatnet naturreservat**, Hjelmeland kommune, ca. 224 daa, eigd av 1 grunneigar.

Områda er vurdert å kvalifisere for vern som naturreservat etter *Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* § 37, jf. § 34 basert på tilgjengeleg kunnskap om naturverdiane i områda og/eller nye naturfaglege registreringar som er gjennomført i samband med verneplanarbeidet.

Alle områda er tilbydde gjennom ordninga frivillig vern der skogeigarane sjølve tilbyr skogen til vern. Her kan du lese meir om [frivillig vern av skog](#). Frivillig vern forutsett at grunneigarane og staten blir einige og inngår ei avtale om avgrensing, vernereglar og erstatning før vernevedtak. Ei slik avtale er ennå ikkje utarbeidd for desse områda, men prosessen er i gang. Prosessen vil avklare om det er grunnlag for endelege avtalar. Dette inneber at det kan bli endringar både i området faktisk blir verna, vernegrenser og vernereglar som eit resultat av desse forhandlingane og denne høyringa.

Gjennom arbeidet med St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* slutta Stortinget seg til Regjeringas innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Norge. Meldinga trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for vern av skog. Det blei blant anna lagt til grunn at eit utvida skogvern skulle følge dei faglege anbefalingane i NINA rapport 54/2002 «*Evaluering av skogvernet i Norge*». I meldinga blei frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg.

I naturmeldinga *Natur for livet* (St.meld. nr. 14, 2015-2016) seier Regjeringa at den vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern og auka det frivillige skogvernet. Stortinget vedtok eit mål om vern av 10 % av alt skogarealet i Noreg innan 2030. Per 31.12.2024 er 5,4 % av all skogen i Noreg verna, 4,2 % av den produktive skogen og 8,5 % av den uproduktive (basert på Landsskogtakseringen, NIBIO). Etter siste vernevedtak i desember 2025, er nær 5,5 % av all skog i Noreg verna ([Miljødirektoratet](#)).



Figur 1. Oversiktskart med lokalisering av dei to verneplanane i denne høyringa.

2. Heimelsgrunnlag og kunnskapsgrunnlag

2.1. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av *Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* jf. §§ 33-51. I naturmangfoldlova (nml.) er det heimel for å oppretta ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat er den strengaste verneforma, og denne blir normalt brukt for vern av skog.

Vedtak om å oppretta naturreservat blir treft av Kongen i Statsråd etter nml. § 37, som lyder slik:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.»

For å oppfylle § 37 må også nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget nyttast:

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.»

2.2. Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for skogområde som skal vernast etter naturmangfoldlova, jf. § 8 i nml., skal *«... så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger»*.

Kunnskapsgrunnlaget som verneforslaga i dette høyrings-dokumentet bygger på er henta frå allment tilgjengelege offentlege data, mellom anna Naturbase, Artsdatabanken, Artskart,

publiserte vitenskapelige arbeid og direkte kontakt med fagpersonar og kartleggarar med høg kompetanse innan fagfelt om natur, miljø, økologi og artskunnskap. Det er gjennomført naturfaglege kartleggingar i alle områda for å underbygga naturverdiar generelt og skogvernverdiar spesielt. Det er også nytta andre offentlege kart og databasar for å innhenta andre interesser enn vern og eventuelle moglege konflikhtar i områda, til dømes NGU, NVE, Kulturminne via Temakart Rogaland, NARIN (Biofokus). I kartdatabasen Temakart Rogaland (<https://www.temakart-rogaland.no/>) kan ein finna dei fleste av desse tema samla i eit kart som gjeld for Rogaland fylke. I kapittel 9 er det samla referanseliste over kjelder, rapportar og databasar som er nytta.

3. Sakshandsaming

I saker med frivillig vern av skog får normalt Statsforvaltaren tilbod om vern frå grunneigar eller grunneigarar via deira skogeigarorganisasjon. Det blir deretter gjort naturfaglege registreringar i dei aktuelle områda, med mindre det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane frå andre kartleggingar. Når det føreligg god nok kunnskap som syner at området kvalifiserer for vern, blir skogdata innhenta gjennom taksering av skogen som grunnlag for erstatningsberekningar. Skogtakseringa gjennomførast av skogeigarorganisasjon og statens skogsakkunnig. Deretter forhandlar grunneigarar og staten om erstatninga. Samstundes utarbeidar Statsforvaltaren forslag til vernegrense og vernereglar som grunneigar også må godkjenne, før eit endeleg verneforslag føreligg.

Tidlegare var det vanleg at avtalen mellom skogeigar og staten var ferdig forhandla før det blei meldt oppstart av verneplanprosessen, men for å oppnå tilstrekkeleg framdrift i verneprosessen, har det den seinare tid vorte sendt oppstartsmelding før slike avtaler er inngått. Ei føresetnad, er at grunneigarane aksepterer dette. På denne måten kan arbeid med den økonomiske erstatninga og arbeid med vernekart og verneforskrift gå parallelt, og i begge prosessane kan det koma innspel som påverkar den andre.

Den formelle sakshandsaminga skal følge naturmangfaldlovas §§ 41 til 43 og rundskriv T-2/15 frå Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet 2015), og rettleiar M-481 *Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven* (Miljødirektoratet 2016). Dette kan oppsummerast på følgende måte:

- **Oppstartsmelding:** Statsforvaltaren varslar oppstart av verneplanarbeid ved brev til grunneigarar og aktuelle etatar og organisasjonar, samt kunngjering i aviser.
- **Offentleg høyring:** Eit konkret verneforslag blir sendt på høyring ved brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar. Høyringsforslaget (dette dokumentet) skal skildre verneverdiar, og andre verdiar og interesser, samt dei konsekvensane forslaget er venta å få. Det skal følge med forslag til vernekart og verneforskrift. Frist for å komma med merknader skal være minst to månader.
- **Tilråding til Miljødirektoratet:** Etter høyringa skal Statsforvaltaren vurdere innkomne merknadar og eventuelt gjere endringar i forslaget. Eventuelle større endringar må drøftast med grunneigarane. Deretter sender Statsforvaltaren sin tilråding til Miljødirektoratet.
- **Tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD):** Miljødirektoratet vurderer forslaget og sender si tilråding til KLD.
- **Forslag om vern:** KLD forbereder saken og legg forslag om vern fram for Kongen i Statsråd.
- **Vedtak om vern** gjerast av Kongen i Statsråd som kongeleg resolusjon. Etter vedtaket vil erstatninga bli utbetalt i tråd med avtalen med grunneigar.
- **Kunngjering om vern:** Statsforvaltaren sender brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar, samt kunngjer vedtaket i aktuelle aviser. Dei nye verneområda blir skilta og merka.
- **Grensemerking** blir vanlegvis gjort av jordskifteretten, som etter krav frå Statsforvaltaren opprettar sak om grensegang for det einskilde område.

3.1. Saksgang for dei einsskille verneforslaga

Tabellane 1 og 2 under, viser saksgangen i verneprosessen for områda, frå Statsforvaltaren fekk tilbod tilsendt og til oppstartsmeldinga blei sendt ut med frist 04.02.2026.

Djupalia blei kartlagt etter standard metode for skogkartlegging¹ (Miljødirektoratet 2022). Skogvernrapporten blei tilgjengeleg i januar året etter kartlegging.

Område kring Riskadalsvatnet har vorte kartlagt i fleire omgangar før områda blei tilbodne til vern. Dei eldste dokumenterte kartleggingane var i 1978 og 1998 (Korsmo, H. 1978 og Ryvarden, L. 1998). I 2009 var det kartlegging etter DN13-handbok 13² (Direktoratet for naturforvaltning 2006. Gaarder, G. et al. 2010). I 2019 blei området kartlagt etter Miljødirektoratets instruks for terrestriske naturtypar etter NiN2³ (Miljødirektoratet 2019). I 2023 var det artskartlegging med søk etter sjeldne og sårbare lavartar i regi av Norsk Lavforening (dokumentert i Artskart).

Tabell 1. Saksgangen til Djupalia naturreservat.

Djupalia naturreservat	
Tilbod	01.12.2021
Kartlagd	Skogkartlegging av austleg del kring Håheller: august 2022 Skogkartlegging av vestleg del, Djupalia: september 2024 Årsaka til at området har blitt liggjande så lenge, er at det under kartlegginga i 2022 blei vurdert uforsvarleg å ta seg over til den vestlege delen. Statsforvaltaren meinte etter eigen synfaring i 2021, at det området Djupalia var særleg interessant, og at det måtte kartleggast ved å ta seg inn med båt. Det blei gjort i 2024.
Synfaring av Statsforvaltar	27.10.2021
Oppstart verneprosess	09.01.2026, frist for uttale 04.02.2026

Tabell 2. Saksgangen til Riskadalsvatnet naturreservat.

Riskadalsvatnet naturreservat	
Tilbod	04.09.2025
Kartlagd	Eldre kartleggingar 1987 og 1998. DN13-kartlegging: 2009 Naturtypekartlegging etter NiN: august 2019 Artskartlegging over fleire år, kartlegging av lav i 2023.
Synfaring av Statsforvaltar	Ved fleire høve, sist i regi av Norsk Lavforening 28.04.2023
Oppstart verneprosess	09.01.2026, frist for uttale 04.02.2026

¹ **Skogkartlegging:** Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet (Miljødirektoratet 2022).

² **DN13-kartlegging:** Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2.utgave 2006 (oppdatert 2007).

³ **Naturtypekartlegging:** Kartleggingsinstruks - Kartlegging av Naturtyper etter NiN2 i 2019. (Miljødirektoratet 2019).

3.2. Mottekne merknadar til oppstartsmeldinga og Statsforvaltarens kommentarar

Det blei meldt oppstart av verneplanprosess for Djupalia, Riskadalsvatnet og Strondå 09.01.2026. Fristen for å sende inn merknader var sett til 04.02.2026. Oppstartsmeldinga blei sendt til grunneigarar, naboar til verneforslaga og aktuelle lokale, regionale og sentrale høyringsinstansar. Verneplanane blir også kunngjort i Stavanger Aftenblad, i Norsk Lysingsblad og på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside.

3.2.1. Merknader til Djupalia naturreservat i Sandnes kommune

Det er kome inn totalt 9 merknadar til verneprosessen i Djupedal.

BaneNOR har ingen merknader til verneprosessen.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Jernbanedirektoratet har ingen merknader til verneprosessen. Verneforslaga er vurdert og vedkjem ikkje eksisterande eller planlagd jernbaneanlegg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Landbruksinteresser skal takast omsyn til i forskrifter, elles må det grunngjevast. Dette kan vere beite, traktor- og landbruksveg, stølsområde, mv. Dersom det går vegar eller ferdselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggast til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Det bør vurderast om forskriftene kan opne for beite og dermed og utsetting av saltstein samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunngjeving.

For alle tiltaka over må det vurderast om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe større vilt som er felt under lovleg jaktutøving.

Landbruksdirektoratet ber om at landbruksavdelinga og lokal landbruksforvaltning blir involvert i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «*Skjema for avveining av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen*» og rapport «*Skogfaglig beskrivelse*» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar til Landbruksdirektoratets innspel: Verneforslaget Djupalia består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengig og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag. Verneforskrifta vil likevel ivareta eventuelle beiteinteresser i området. I § 4 om generelle unntak frå vernereglane er det fråsegn om at ferdselsårer kan haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet. Andre landbruksinteresser som til dømes vegar, steingardar eller stølsområde er ikkje kjend. Ved to gamle hustufter nede ved fjorden er litt areal rundt desse tatt ut.

Landbruksavdelinga hjå Statsforvaltaren i Rogaland har vore involvert. Håheller blei tilbode før 01.02.2022 og er dermed ikkje råka av oppdraget med samordningsskjema for avveging mellom skogvern og skogbruk. Det er likevel utarbeida også for Djupalia. Plassering i avvegingsmatrisa er nemnd under skildringa av kvart enkelt verneforslag. Fagrapportar og skjema for avveging ligg på heimesida vår for oppstartsmeldinga og no under høyringa.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) kjenner ikkje til energi- og vassdragsinteresser innanfor foreslått verneforslag Djupalia. Dei ber områdekonsesjonær Lnett AS om å uttala seg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering og vil sjå til at områdekonsesjonær omtalar seg.

Lnett melder at dei ikkje har eksisterande infrastruktur innanfor planområdet for Djupalia verneforslag. Dei har heller ingen planar for ny infrastruktur der.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Statnett SF har ingen merknader til verneprosessen. Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen av Statnett sine anlegg eller planar.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Sandnes kommune er positiv til verneprosessen i Djupalia, både når det gjeld namn og storleik. Dei kjenner ikkje til andre planar for området og har ingen opplysningar som kan påverke verneprosessen. Sandnes kommune vurderer ordninga med frivillig skogvern som eit viktig verktøy for å ta vare på unike skogområde og tilhøyrande naturmangfald, og at dette vil bidra til Stortingets mål om 10 % vern av skogen i Norge. Foreslåtte verneområde bidrar òg med å oppfylle internasjonale pliktar, som målet om 30 % vern av natur i Norge jf. Naturavtalen (2022).

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Språkrådet har vurdert namneforslaget og støtter namnet Djupalia naturreservat.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Kari Blikra, styreleiar i Jærsoppen, har sendt eit innspel i kraft av seg sjølv, då dei ikkje har handsama det i styret. Bodskapen er likevel lik som Jærsoppen tidlegare har i gitt i uttalar i liknande saker. Det visast til Lov om friluftsliv § 5 som omhandlar allmenningssretten til å hauste mat og plukke vekstar til mellom anna artsbestemming når det skjer omsynsfullt og tilbørleg varsamt, og ber om at det blir tillate å ta med materiale for vidare analyse og artsbestemming.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren visar likeins til tilsvarande saker, til dømes tilrådinga av Ulvaskog, Griggelia, Honganvik naturreservat. Statsforvaltaren anerkjenner at det for mange artar er naudsynt å ta med materiale for sikker artsidentifikasjon med oppslagsverk, mikroskop eller for DNA-analyse. Vidare er det viktig at amatørar har moglegheit for å læra dette.

Statsforvaltaren meiner likevel at slik aktivitet kan skade formålet med vernet ved at det ofte er meir ukjende og sjeldan sopp ein kan koma til å plukkar med seg. Vernet er til nettopp for desse sjeldne og sårbare kanskje kritisk trua artane. Når ein er ukjend med artane, vil ein også kunne ta med seg, gjerne uforvarande, større mengd enn det som arten toler. Ein kan ha for lite kunnskap til at vurderinga «når det skjer omsynsfullt og tilbørleg varsamt» blir etterlevd. Statsforvaltaren vurderer at det er store nok areal utanfor verneområda til at det ikkje er naudsynt å gi slik opplæring inne i naturreservata. Me vil difor ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt dette.

3.2.2. Merknader til Riskadalsvatnet i Hjelmeland kommune

Det er kome inn totalt 9 merknadar til verneprosessen i Riskadalsvatnet.

BaneNOR har ingen merknader til verneprosessen.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Jernbanedirektoratet har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ikkje eksisterande eller planlagd jernbaneanlegg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Landbruksdirektoratet ber om at det må komma tydeleg fram i høyringsdokumenta om, og i tilfelle korleis områda blir nytta til landbruksføremål. Landbruksinteresser skal takast omsyn til i forskrifter, elles må det grunngjevast. Dette kan vere beite, traktor- og landbruksveg, stølsområde, mv. Dersom det går vegar eller ferdselsårer gjennom verneområda, skal det vurderast føresegn i verneforskriftene om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør leggest til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støls- og seterområde og opnast for andre tekniske tiltak som bidrar til ei landbruksmessig utnytting av området. Det bør vurderast om forskriftene kan opne for beite og dermed og utsetting av saltstein samt oppføring og vedlikehald av gjerder og sanketrøer. Viss ikkje, må det gjevast ei fagleg grunngjeving.

For alle tiltaka over må det vurderast om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka nemnd over. Det bør vere eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe større vilt som er felt under lovleg jaktutøving.

Landbruksdirektoratet ber om at landbruksavdelinga og lokal landbruksforvaltning blir involvert i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Landbruksdirektoratet etterlyser Statsforvaltaren sine vurderingar i «*Skjema for avveiging av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgangen*» og rapport «*Skogfaglig beskrivelse*» for områda i oppstartsmeldinga, samt plassering i avvegingsmatrisa.

Statsforvaltarens kommentar: Foreslått verneområde består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengig og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag, men verneforslaget omkransar delvis ei naturbeitemark. Verneforskrifta vil ivareta eventuelle beiteinteresser. Det går ein landbruksveg frå naturbeitemarka og inn i verneforslaget frå aust i nede del. Andre landbruksinteresser er ikkje kjent. Ferdselsårer vil kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i § 4 om generelle unntak frå vernereglane.

Landbruksavdelinga hjå Statsforvaltaren i Rogaland har vore involvert. Fagrapportar og samordningsskjema for avveiging mellom skogvern og skogbruk er lagt ved saka på vår heimeside i samband med denne høyringa. Plassering i avvegingsmatrisa er kommentert under skildringa av kvart enkelt verneforslag.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) kjenner ikkje til energi- og vassdragsinteresser innanfor foreslått verneforslag Riskadalsvatnet. Dei ber områdekonsesjonær Lnett AS om å uttala seg.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering og vil sjå til at områdekonsesjonær omtalar seg.

Lnett melder at dei ikkje har eksisterande infrastruktur innanfor planområdet for Riskadalsvatnet verneforslag. Dei har heller ingen planar for ny infrastruktur der.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Statnett SF har ingen merknader til verneprosessen.

Verneforslaga er vurdert og vedkjem ingen av Statnett sine anlegg eller planar.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Språkrådet har vurdert namneforslaget og tilrår namnet Riskadalsvatnet naturreservat.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Universitetet i Stavanger / Arkeologisk museum ved Torbjørg Bjelland melder at det er veldig kjekt at tre nye område i Rogaland er foreslått verna. Samstundes gjer dei merksam på det det bør nemnast at **irsk hinnelav** som er kritisk trua (CR) på Norsk Rødliste for arter, veks i verneforslaget Riskadalsvatnet.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering. Det vil nemnast i skildringa av verneforslaget at irsk hinnelav (CR) er registrert med heile seks funn innanfor verneforslaget i Artskart.

Kari Blikra, styreleiar i Jærsoppen, har sendt eit innspel i kraft av seg sjølv, då det ikkje er handsama det i styret. Ho opplyser om at budskapet er likevel lik som Jærsoppen tidlegare har i gitt i uttalar i liknande saker. Det visast til Lov om friluftsliv § 5 som omhandlar allmenningretten til å hauste mat og plukke vekstar til mellom anna artsbestemming når det skjer omsynsfullt og tilbørleg varsamt, og ber om at det blir tillate å ta med materiale for vidare analyse og artsbestemming.

Statsforvaltarens kommentar: Statsforvaltaren visar likeins til tilsvarande saker, til dømes tilrådinga av Ulvaskog, Griggelia, Honganvik naturreservat. Statsforvaltaren anerkjenner at det for mange artar er naudsynt å ta med materiale for sikker artsidentifikasjon med oppslagsverk, mikroskop eller for DNA-analyse. Vidare er det viktig at amatørar har moglegheit for å læra dette.

Statsforvaltaren meiner likevel at slik aktivitet kan skade formålet med vernet ved at det ofte er meir ukjende og sjeldan sopp ein kan koma til å plukkar med seg. Vernet er til nettopp for desse sjeldne og sårbare kanskje kritisk trua artane. Når ein er ukjend med artane, vil ein også kunne ta med seg, gjerne uforvarande, større mengd enn det som arten toler. Ein kan ha for lite kunnskap til at vurderinga «når det skjer omsynsfullt og tilbørleg varsamt» blir etterlevd. Statsforvaltaren vurderer at det er store nok areal utanfor verneområda til at det ikkje er naudsynt å gi slik opplæring inne i naturreservata. Me vil difor ikkje gjere endringar i forskrifta som tillèt dette.

4. Endringar etter oppstart av verneplan

4.1. Namneendringar

Riskadalsvatnet blei tilbode med det namnet, og det har ikkje kome forslag om endring.

4.1.1. Håheller → Djupalia naturreservat

Tilbodsområdet hadde namnet Håheller etter garden Håheller. Statsforvaltaren foreslo Djupalia naturreservat i oppstartsmeldinga sidan det verka mest naturleg då dette står på kartet sentralt i verneforslaget, mens garden Håheller ligg i den delen av tilbodsområdet som ikkje er med i vernet. Det har ikkje kome inn merknader til namneforslaget.

4.2. Grenseendringar

Det har ikkje kome forslag om grenseendring for Djupalia eller Riskadalsvatnet naturreservat.

5. Konsekvensar ved vern

Når ein opprettar eit verneområde beheld grunneigar eigedomsretten, men det blir lagd restriksjonar på kva for aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast i verneområdet.

Naturreservat er den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova. I eit naturreservat må ingen foreta noko som forringer verneverdiane som går fram av føremålet med vernet. Både plantar, lav, sopp og dyr er verna mot skade og øydelegging. Vernet inneber også eit generelt forbod mot å setta i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, til dømes hogst, bygge- og anleggsverksemd og motorferdsel. Det er eit generelt forbod mot brenning av bål, men forbodet gjeld ikkje brenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lover. I alle verneforskriftene er det lista kva for vernereglar og ferdselsreglar som gjeld og generelle unntak frå desse. Vidare er det ei liste med spesifiserte dispensasjonsreglar. Restriksjonsnivået i verneforskriftene varierer noko frå område til område. Dette heng saman med området kvalitatar og verneformål, brukarinteresser, eksisterande tilrettelegging, anlegg og innretningar. For detaljar visast det til verneforslaget for dei einiskilde områda og kvar enkelt verneforskrift.

Miljødirektoratet fastsett kven som skal ha forvaltningsstyresmakt i verneområdet ved vernevedtak. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområda, men mynde er i nokre tilfelle delegert til kommunen. I denne verneplanprosessen vil Statsforvaltaren ha forvaltningsstyresmakt for begge naturreservata.

I hovudsak er det den naturlege dynamikken som skal avgjere utviklinga i reservata, og Statsforvaltaren vurderer difor at behovet for skjøtsel i dei fleste tilfella er lite. I skogområde vil ofte fjerning av utanlandske og framande treslag eller andre framande artar, gjerne vere det som er mest naudsynt å gjere. Det kan i nokre tilfelle vere ønskeleg å framskynda den naturlege aldringsprosessen med å auka førekomsten av daud ved, men dette må berre gjerast dersom ein ser at det kan fremje verneføremålet og etter ein godkjent skjøtelsplan. Etter eit eventuelt vern vil behovet for forvaltningsplan og skjøtsel bli vurdert fortløpande, og det vil bli søkt om midlar frå Miljødirektoratet på vanlig måte når det er naudsynt.

Det er ingen tekniske inngrep som treng særlege restriksjonar eller føresegn i verneforskriftene.

6. Forvaltningsmyndigheit

Kven som skal vere forvaltningsmyndigheit for eit verneområde blir fastsett av Miljødirektoratet ved vernevedtak. Statsforvaltaren er forvaltningsmyndigheit for dei fleste verneområda, men mynde er i nokre tilfelle delegert til kommunane. Kommunar som ønsker delegert forvaltningsmyndigheit, bes gi tilbakemelding om dette gjennom denne høyringa.

For kommunanes tilbod om forvaltningsmyndigheit gjeld følgande forutsetningar:

- Kommunen får tilbod om å få forvaltningsmyndigheit for alle verneområda som ligg fullt ut innanfor kommunens grenser.
- Verneområde som ligg i to kommunar vil Statsforvaltaren få forvaltningsmyndigheit i.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigheit må takke ja til å overta forvaltningsmynde i alle aktuelle verneområde i kommunen. Kommunen må då ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.

7. Høyring

I neste kapittel er kvart av verneforslaga kort skildra med informasjon om området generelt, verneverdiar og andre interesser. Vedlagt høyringsbrevet og dette høyringsdokumentet følgjer konkrete forslag til verneforskrifter og vernekart med forslag til vernegrenser.

Høyringsdokumenta blir sendt breitt ut til grunneigarar, naboar og lokale, regionale og nasjonale instansar og blir også lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under **høyringar** ([Høyringar | Statsforvaltaren i Rogaland](#)). Alle dokument ligg til nedlasting på saka. Dei som ønsker å få tilsendt papirkopi kan ta kontakt med oss.

Føreliggande forslag til verneområde og vernereglar er utarbeidd på grunnlag av naturfaglege registreringar, dialog med aktuell skogeigarorganisasjon som har kontakt med grunneigarar og innspel frå melding om oppstart. Forskriftene og avgrensingane som sendes på høyring no er godkjent av grunneigarane, men både forskrift, avgrensing og kart vil kunne vere gjenstand for vidare drøftingar under høyringa.

Formålet med høyringa er å få synspunkt og merknader til verneforslaga. Me ber spesielt om at dykk og andre brukarar av områda, går nøye gjennom forslag til verneforskrifter og gir oss tilbakemelding dersom dykk har meir informasjon om området som kan være av betydning for den vidare verneprosessen. Slik informasjon kan for eksempel vere om andre stiar som er i bruk, eksisterande bygningar, anlegg eller traktorveggar som det bør knytast føresegn til og merkast av på vernekartet. Statsforvaltaren ønsker særleg synspunkt på:

- Områdenamn
- Naturverdiar som ikkje allereie er kjende.
- Bruk av områda som ikkje allereie er kjende.
- Eventuelle konflikhtar med andre interesser. Desse bør skildrast konkret, og ein bør også prøva å forklara kva som vil vere naudsynt for å løysa eller redusera konflikten.
- Avgrensinga av områda.
- Forskriftene med vernereglar, unntak frå vernereglane og dispensasjonsreglar.
- Eventuelle behov for skjøtsel og tiltak, samt innspel til forvaltning av områda.
- Eventuelle feil i høyringsdokumentet, mottakarlista og aktuelle gnr./bnr.

Kommunane bes vurderer om dei ønsker å få forvaltningsmyndigheit for sine verneområde. Sjå meir informasjon om dette i kap. 6. Dersom kommunen ønsker slik forvaltningsmyndigheit, ønsker Statsforvaltaren å få melding om dette i høyringa.

Med bakgrunn i mottekne innspel og opplysningar, samt drøftingar med grunneigarane, vurderer Statsforvaltaren behovet for å justere verneforslagene før endeleg tilråding av verneforslaga sendast til Miljødirektoratet.

Frist for å uttale seg til verneforslaget er sett til 06. juli 2026.

Uttalar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2025/50** og namn på omtalt verneforslag.

8. Verneforslaga

8.1. Djupalia naturreservat, Sandnes kommune

Kommune: Sandnes

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: ca. 1447 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Sandnes kommune, gnr./bnr. 220/1 og 220/2, 1 grunneigar.

Lokalisering og avgrensing

Foreslått verneområde ligg på nordsida av Lysefjorden i Djupalia, litt vest for garden Håheller. Verneforslaget går langs sjøen frå Eiketona til odden Krossnes, men med eit lite areal grensa ut ved to hustufter. Frå Krossnes går grensa nokså rett opp til eigedomsgrensa ved kote 690 moh i nordaustlege hjørne, som også er det høgaste punktet i verneforslaget. Avgrensinga følgjer eigedomsgrensa vestover til over eit søkk i terrenget der ein har vasskilje mot Daladalen og mot Lysefjorden. Grensa går herifrå mot sør, bratt nedover fjellsida til det kjem inn meir tre og skog, kor den vender meir vestover igjen og følgjer terrenget litt ovanfor skogen til eigedomsgrensa i vest ved Eiketona. Her følgjer avgrensinga i eigedomsgrensa ned til fjorden.

Verneføremål og verneinteresser

Foreslått verneområde inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av naturtypane lågurtedellauvskog (VU, sårbar) og frisk rik edellauvskog (NT, nær trua). Edellauvskogen inneheld mykje ask (EN) og med innslag av alm (EN), lind (NT), svartor, hassel, eik, i tillegg til bjørk, selje og furu. Det er bra førekomst av store gamle edellauvtre og død ved som gir skogen naturskogpreg.

Skogvernrapporten av heile arealet som blei kartlagd i 2024, gir ein relativt høg skogvernindeks på 4,42⁴. Dersom arealet reduserast til den mest verdifulle skogen, og bart fjell og fjellskogen over 400 moh utelatast, blir skogvernindeksen svært høg, 6,17⁵. Det foreslåtte verneområdet er ein mellomting av dei areala, der skogen heilt opp på fjellet er teke med fordi det gir ein heilskap med skog frå fjord til fjell, medan det meste av den nakne fjellsida er utelate. Høg skogvernindeks skuldast mykje kalkrik bakkevegetasjon med dominans av edellauvtre som gir svært stor førekomst av to raudlista naturtypar og høg skår for naturmangfald. I tillegg har området mykje store gamle edellauvtre og bra med liggande og ståande død ved som også gir ein brukbar skår for naturskognærleik.

Statsforvaltaren vurderer at det foreslåtte verneområdet har stor verdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med trua og nær trua naturtypar av to typar rike edellauvskogar som er prioriterte naturtypar i vår region, at det ligg i mellomboreal og sørboreal vegetasjonssone og ved at halvdelen av arealet er lågareliggende areal (< 300 moh).

Dei rike edellauvskogar kan husa ei lang rekke raudlista artar, og i verneforslaget er det registrert ask (EN), alm (EN), villeple (VU) og lind (NT), men krevjande terreng gjer at det kan finnast fleire. Området ligg i hovudsak sørboreal vegetasjonssone, men topografien i denne sørhallinga djupt nede i ein trong fjord med høge fjell gir eit varmekjært lokalklima og gode vekstforhold når sola står på frå sør. Området ligg også i sterkt oseanisk seksjon (O3) med mykje nedbør, og til saman skapar dette eit varmt og fuktig klima som gir gode forhold for ei rekke oseaniske artar.

⁴ Skogvernrapport Djupalia <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/48B05573-7FF0-4231-943D-A9420FFAF888>

⁵ Skogvernrapport Djupalia <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/CFB1C3F7-05B0-46F7-8DF4-CFAB1DD7A9C4>

Statsforvaltaren vurderer at det foreslåtte verneområdet har stor verdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med trua og nær trua naturtypar av to typar rike edellaavskogar som er prioriterte naturtypar i vår region. Rike edellaavskogar kan husa ei lang rekke raudlista artar. Området dekkjer også manglar i skogvernet ved at nedre halvdel er lågareliggande areal (< 300 moh) og ligg i sørboreal vegetasjonssone. Topografien til denne sørhallinga djupt nede i ein trong fjorddal med høge fjell gir eit varmt lokalklima og gode vekstforhold når sola står på frå sør. Dette saman med at området ligg i sterkt oseanisk seksjon (O3) med mykje nedbør, skapar eit varmt og fuktig klima som husar varmekjær edellaavskog som kan gje opphav til krevjande og fuktelskande flora av mosar og lav.

I dei øvre delane av området er det mellomboreal sone med blanding av bjørk og furu, før fjellbjørkeskogen overtar og området deretter blir trelaust opp mot fjellet. Her er det bratte og steile fjellsider og fleire bekkekløftar som av sikkerheitsomsyn ikkje er undersøkte. Områda opp mot fjellet er tatt med både fordi det vernar område som naturleg har stor verknad på dei store verneverdiane i skogen lenger ned og fordi det kan gje rom for skogen å utvikla seg naturleg ettersom klimaet blir varmare.

Området vil ha eit visst økologisk nettverk til Skurvedalen naturreservat på same side av fjorden vel 6 km mot vest som er næraste skogvernområde og Griggelia naturreservat, vel 11 km mot vest på motsett side av fjorden. Ulvaskog og Hesten naturreservat, ligg begge på nordsida lengst ute i Lysefjorden.

Kjelder: Skogvernrapporten, Temakart Rogaland – Natur, Naturbase, Artskart.

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget, men det ligg innanfor eit stort område klassifisert som kulturmiljø og landskap av regional eller nasjonal interesse som dekkjer Lysefjorden. Det er kartfesta ein husmannsplass på vernekartet (informasjon frå grunneigar).

Kjelde: Temakart Rogaland – Kulturminne.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ingen kraftleidningar eller registrert digitale vasskraftpotensial i eller i nærleiken av verneforslaget. Det er ingen registrerte geologisk arv lokalitetar eller andre geologiske interesser i geologiske kartdatabasar.

Heile Lysefjorden med dei omkringliggjande områda er viktige friluftsområde. Verneforslaget ligg eit av typen strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag, og dette er omkransa av store turområde utan tilrettelegging. Alle friluftslivsområda har områdeverdi *svært viktig*. Det er likevel ingen friluftsruter eller turstiar avmerkt innanfor verneforslaget. Lysefjorden med kringliggjande område er registrert som eit fjordlandskap med verdi *nasjonalt viktig landskap*.

Kjelder: Temakart Rogaland – Friluftsliv, geologi og landskap, NGU, NVE.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplanen avsett som LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden (Sandnes kommune, Kommuneplanens arealdel 2023-2038).

Heile arealet i verneforslaget er merka som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan og Samfunnstryggleik.

8.1.1. Kommentar til verneforskrifta for Djupalia naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som eit vedlegg. Under er einsskilte paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- c. *Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes ... opplag av båtar langs fjorden, ...*

Kommentar: Statsforvaltaren ønsker ikkje opplag av båtar langs sjøen då dette vil øydeleggja vegetasjonen under båtane.

- e. *Bålbrenning er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning i strandkanten eller oppe på fjellet med tørrkvist frå bakken eller medteken ved og i samsvar med gjeldande lovverk.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområde. Verneforslaget er ikkje del av eit kartlagt friluftslivsområde og Djupalia naturreservat vil truleg ikkje vere gjenstand for særskilde friluftsliv, då det er vanskeleg tilgjengeleg utan ved bruk av båt og har svært bratt terreng utan tilrettelegging for friluftsliv i nærleiken. Vidare og ligg det langt frå folkerike område. Det bratte og til dels ustabile terrenget skapar stor mengd døde småkvist. Statsforvaltaren vurderer difor at Djupalia naturreservat toler den frekvensen av bålbrenning som er aktuell. Likevel bør alle vere merksam på at området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogsområde med verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning må skje i samsvar med gjeldande lovverk, men kan likevel utgjere ein risiko, og me ønsker at alle som ferdast der, tek omsyn til risikoen for villbrann i Djupalia naturreservat.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- g. *oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. *forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Djupalia naturreservat er lite tilgjengeleg for jakt og at det toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- e. *oppsetting og vedlikehald av gjerde*

Kommentar: Dersom området skal kunne nyttast til beite kan det vere naudsynt med gjerde.

- f. *uttak og ringbarking av utanlandske treslag.*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut utanlandske treslag som er eller kan bli spreitt i naturreservatet. Det er ikkje alltid me er kjent med dei før vernet.

8.2. Riskadalsvatnet naturreservat, Hjelmeland kommune

Kommune: Hjelmeland

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 224 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Suldal kommune, gnr./bnr. 102/2 og 103/60, 1 grunneigar.

Lokalisering og avgrensing

Verneforslaget ligg i ei sørvest-vendt lisode på nordaustsida av Riskadalsvatnet i Hjelmeland kommune.

Verneformål og verneinteresser

Det har lenge vore kjent at området kring Riskadalsvatnet har eit rikt og verdifullt naturmangfald med rik edellauvskog dominert av eik, ask, alm og lind. Så tidleg som 1977/1978 var det kartlagt rik edellauvskog i dette skogområdet. I 2009 blei eit stort område kartlagt etter DN13 metodikk og fleire viktige naturtypar, mellom anna gammal boreal lauvskog, haustingsskog og hagemark, blei kartfesta og fekk store verdiar, A - svært viktig. Verneforslaget ligg i ein stor lokalitet med gammal boreal lauvskog og skildringa av denne er «Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla edellauvskog med innslag av haustingsskog, og dessutan betydeleg innslag av gammal lauvskog (temperert regnskog) og sørlege oseaniske raudlisteartar» (Garder, m.fl. 2010, s. 68⁶). I 2019 blei området igjen kartlagt etter ny metode Kartlegging av Naturtypar etter NiN2, Miljødirektoratets kartleggingsinstruks. Denne kartlegginga stadfesta på ny områdets store verdi for naturmangfald. Tilnærma heile verneforslaget er kartlagt som haustingsskog som også strekk seg vidare vestover utanfor verneforslaget. Denne har sentral økosystemfunksjon. I tillegg er mykje av det same arealet avgrensa som høgstaude-edellauvskog (VU) (ein stor og fleire mindre lokalitetar), ein lågurtedellauvskog (VU) og to lokalitetar av kalkbjørkeskog som har sentral økosystemfunksjon. Den store lokaliteten haustingsskog er riktig nok vurdert til svært redusert kvalitet, men dette skuldast at skogen ikkje lenger har tradisjonell drift med hausting av lauv og har grodd myke att og er blitt tettare enn det som er vanleg i haustingsskogar i drift. Det er lenge sidan trea har vorte hausta/styva, > 50 år (jf. naturbase faktaark). For det biologiske mangfaldet er dette likevel ikkje eintydig negativt, for dette fører til ein meir naturleg utvikling av skogen som vil gje større naturskognærleik ettersom tida går, noko som er ein verdifull eigenskap i skogvernsamanheng.

Miljøregistreringar i skogbruket, MiS, har likeins avgrensa store areal med rik bakkevegetasjon, som er ein av deira einingar for å visa at eit område er viktige for biologisk mangfald.

Området som verneforslaget er ein del av har svært mange artsregistreringar og stor førekomst av trua og nær trua artar (tabell 4). Innanfor verneforslaget er det 42 registreringar av raudlisteartar, av 15 ulike artar (Artskart). Blant dei er ein art kritisk trua (CR), fire artar er sterkt trua (EN), åtte er sårbare (VU) og tre er nær trua (NT) (Artsdatabanken 2021). Dei tidlegaste registreringane blei gjort i 1977, mange i samband med kartlegginga i 2009, og flest i samband med eit lav-kurs i 2023. Det er også mange førekomstar av raudlisteartar i områda omkring, til dømes i naturbeitemarka som verneforslaget delvis omkransar. Mange av dei registrerte artane, både raudlisteartar og artar som er vurdert som livskraftige, er av oseaniske mosar og lav som syner eit fuktig lokalklima og underbyggjer at skogen er i regnskogsegmentet som blei nemnd i kartlegginga frå 2009 (Naturbase, BN00080477).

⁶ Garder, Jordal, Fjeldstad og Johnsen. 2010 https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-rogaland/dokument-fmro/miljo/rapportar/jordal_mfl_2009_natypkartlegg_rog_2009skjerm.pdf

Irsk hannelav *Leptogium hibernicum* som er kritisk trua (CR) på Norsk rødliste for arter 2021 (Artsdatabanken) er særleg verd å nemne, både fordi den er svært sjeldan og fordi det innanfor sjølve verneforslaget, går føre seg skjøtsel kombinert med forskning for å ta vare på denne arten. Det blir gjort ved å forsøka å auka artens førekomst ved transplatering av thallusfragment til nye tre (Bjelland, T. og Blanck, C.J. 2018, 2019, 2020, 2021, Bjelland, T. & Ihlen, P.G. 2013, Bjelland, T. 2022, 2023a, 2023b, 2024, 2025). Foreløpige resultat er at ca. 13 % av thallusfragmenta som blei transplantert til nye tre i 2018, framleis var i live i lokaliteten i 2025.

Tabell 4. Trua og nær trua artar funne og registrert innanfor verneforslaget Riskadalsvatnet.

Norsk namn	Latinsk namn	Raudliste-vurdering
Irsk hannelav	<i>Leptogium hibernicum</i>	CR
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	EN
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	EN
Kornfiltlav	<i>Parmeliella testacea</i>	EN
Treleggjav	<i>Gyalecta truncigena</i>	EN
Askevorte	<i>Requienella fraxini</i>	VU
Kjøttkraterlav	<i>Gyalecta carneola</i>	VU
Praktflekkjav	<i>Coniocarpon fallax</i>	VU
Prakthannelav	<i>Leptogium cochleatum</i>	VU
Prikkskriblelav	<i>Opegrapha vermicellifera</i>	VU
Rød stuvlav	<i>Thelopsis rubella</i>	VU
Stjerneflekkjav	<i>Arthonia stellaris</i>	VU
Villeple	<i>Malus sylvestris</i>	VU
Lind	<i>Tilia cordata</i>	NT
Skorpefiltlav	<i>Fuscopannaria ignobilis</i>	NT
Stortrollurt	<i>Circaea lutetiana</i>	NT

Statsforvaltaren vurderer at det foreslåtte verneområdet har svært stor verneverdi og fyller godt manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved store areal med trua naturtypar av rike edellauvskogar. Høgstaude edellauvskog og lågurtedellauvskog begge er vurdert til sårbar (VU) og er prioriterte naturtypar i vår region. Slike skogar kan husa ei lang rekke raudlista artar. Området dekkjer også manglar i skogvernet ved at det er lågareliggende areal (< 300 moh) og har god skogbonitet, samt at det ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon som gir eit varmekjært miljø med ein eksposisjon mot sørvest og i tillegg oseanisk med relativt fuktig klima. Det er registrert eit godt knippe med fuktkevande regnskogartar som indikerer regnskogsmiljø, sjølv om regnskoglokalitetar ikkje er avgrensa i dei tidlegare kartleggingane.

Kjelder: Skogvernrapporten, Temakart Rogaland, Artskart

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAX-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av regional eller nasjonal interesse. Det går ein vegtrasé (ID 176375, automatisk freda) nærmast vatnet. Det er ein rideveg mellom Årdal kyrkje og Hjelmeland som skal vere opparbeidd i 1820-1830-åra. Vegtraséen ligg utanfor verneforslaget.

Kjelde: Temakart Rogaland - Kulturminner.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er ikkje registrert særskilte interesser i området.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial eller andre interesser i geologiske kartdatabasar.

Det er eit kartlagde friluftsområde i nedre kanten av verneforslaget som omfattar vegtraséen. Det er av områdetype Nærturterreng med verdi *Svært viktig friluftslivsområde* og skildra som del av ein gammal kultursti mellom Fister og Årdal. Det er registrert med ganske stor bruksfrekvens og god tilgjengelegheit. Riskadalsvatnet med kringliggjande område, er også avgrensa som eit dal- og hei-landskap med verdi *regionalt viktig landskap*.

Kjelder: Temakart Rogaland – Friluftsliv, geologi og landskap, NGU, NVE.

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplanen avsett som LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden (Hjelmeland kommune, Kommuneplanens arealdel 2019-2031).

Mykje areal i verneforslaget er merka som aktsemdsområde for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland – Plan og Samfunnstryggleik.

8.2.1. Kommentar til verneforskrifta for Riskadalsvatnet naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som eit vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- e. e. Bålbrenning er forbode.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområde. Statsforvaltaren vurderer at det ikkje finst særleg godt eigna stader og at det ikkje bør vere naudsynt å tenna opp bål i eit så lite naturreservat. Området ligg nært busetnad og er lett tilgjengeleg og nyttast truleg ein del til nærturar. Det går ein viktig turveg langs vatnet utanfor vernegrensa, kor vernereglane ikkje gjeld. Naturreservatet blir verna fordi det inneheld eit svært verdifullt skogsområde med verdifulle tre og livsmiljø og svært sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning kan utgjere ein risiko for villbrann i skog, og Statsforvaltaren ønsker ikkje ta den risikoen i Riskadalsvatnet naturreservat.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- d. oppsetting og vedlikehald av gjerder*

Kommentar: Omkringliggjande areal er beitelandskap og dersom området skal kunne nyttast til beite kan det vere naudsynt med gjerding.

- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at området tolerer ei viss mengd aktivitet, og vil kunne vurdera det etter søknad om dispensasjon for kvart einskild arrangement.

- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreiiing frå desse*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut utanlandske treslag som er eller kan bli spreitt i naturreservatet. Det er ikkje alltid me er kjent med dei før vernet.

9. Referansar

Artsdatabanken: <https://www.artsdatabanken.no/>

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

Norsk rødliste for arter 2021: <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/>

Norsk rødliste for naturtyper 2018: <https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

Artsobservasjoner: <https://www.artsobservasjoner.no/>

Bjelland, T. & Blanck, C.J. 2018. Transplantasjonsforsøk med irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*). Oppdragsrapport 2018/20 Arkeologisk museum/Universitetet i Stavanger.

Bjelland, T. & Blanck, C.J. 2019. Transplantasjonsforsøk med irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*) og filthannelav (*Leptogium saturninum*); resultater 2019. Notat Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. 26. november 2019.

Bjelland, T. & Blanck, C.J. 2020. Transplantasjonsforsøk med irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*) og filthannelav (*Leptogium saturninum*); resultater 2020. Notat Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. 12. oktober 2020.

Bjelland, T. & Blanck, C.J. 2021. Transplantasjonsforsøk med irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*) og filthannelav (*Leptogium saturninum*); resultater 2021. Notat Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. 15. september 2021.

Bjelland, T. & Ihlen, P.G. 2013. Utkast til faggrunnlag for irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*) i Norge. Rådgivende Biologer AS, rapport 1693.

Bjelland, T. 2022. Transplantasjonsforsøk med irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*) og filthannelav (*Leptogium saturninum*); resultater 2022. Notat Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. 31. oktober 2022.

Bjelland, T. 2023a. Transplantasjonsforsøk med irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*) og filthannelav (*Leptogium saturninum*); resultater 2023. Notat Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. 30. oktober 2023.

Bjelland, T. 2023b. Practical conservation action on a Critically Endangered lichen species. Journal for Nature Conservation 75 (2023) 126474. <https://doi.org/10.1016/j.jnc.2023.126474>

Bjelland, T. 2024. Transplantasjonsforsøk med irsk hannelav (*Leptogium hibernicum*) og filthannelav (*Leptogium saturninum*); resultater 2024. Notat Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger. 8. november 2024.

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2.utgave 2006 (oppdatert 2007). Forkorta til DN13-kartlegging. <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/andre/verdisetting-av-biologisk-mangfold/>

Frivillig vern av skog: <https://frivilligvern.no/>

Gaarder, G. Jordal, J.B., Fjellstad, H. & Johnsen, J.I. 2010. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2009. Miljørapport nr. 3 - 2010.

https://www.jbjordal.no/publikasjoner/Rogaland2009_skjerm.pdf

Klima- og miljødepartementet, 2015. Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (§§ 41-43). Rundskriv nr. T-2/15.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-2-15-saksbehandlingsregler-ved-omradevern-etter-naturmangfoldloven/id2398923/>

Korsmo, H. 1978. Edellauvskogsinventeringer i Vest-Agder, Rogaland, Sogn-og Fjordane og Møre og Romsdal 1977/1978. Norges Landbrukshøgskole (upubl.).

Kulturminnesøk via Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/>.

LOV-2009-06-19-100. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=naturmangfold>

Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>

Miljødirektoratet 2016. Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven. Veileder M-481 - 2016. <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2016/januar-2016/opprettelse-av-verneomrader-etter-naturmangfoldloven/>

Miljødirektoratet 2018. Kartleggingsinstruks - Kartlegging av Viktige naturtyper for naturmangfold etter NiN2 i 2018 https://nedlasting.miljodirektoratet.no/NiN_Instrukser/Ntyp2018_kartleggingsinstruks.pdf

Miljødirektoratet 2019. Kartleggingsinstruks - Kartlegging av Naturtyper etter NiN2 i 2019. https://nedlasting.miljodirektoratet.no/NiN_Instrukser/Ntyp2019_kartleggingsinstruks.pdf

Miljødirektoratet 2022. Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet. https://nedlasting.miljodirektoratet.no/nin_instrukser/Veileder-skogkartlegging_1_2022.pdf

Natur i Norge (NiN): <https://naturinorge.artsdatabanken.no/>

Naturbase: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

NGU, Norges Geologiske Undersøkelse: <https://www.ngu.no/geologiske-kart>

NVE, Norges vassdrags- og energidirektorat, temakart mynta på skogvern: <https://temakart.nve.no/tema/skogvern>

Ryvarden, L. 1998. [uten tittel - soppundersøkelser i skogreservater mm. i Ryfylke 1998]. Notat, 11 sider.

Skogvernrapport Djupalia⁴: <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/48B05573-7FF0-4231-943D-A9420FFAF888>

Skogvernrapport Djupalia⁵: <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/CFB1C3F7-05B0-46F7-8DF4-CFAB1DD7A9C4>

Skogvernrapport Strondå: <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/37CB328A-A691-4896-81FF-59348D4D174A>

Skogvernrapporten – en presentasjon: <https://storymaps.arcgis.com/stories/66255278affd4e6aac643705d6bab458>

St.meld. nr. 14 (2015-2016) Natur for livet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/?ch=1>

St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand: https://www.regjeringen.no/contentassets/40da6fc97eba49af90479ae32ee27ccc/no/pdfs/stm_200220030025000dddpdfs.pdf

Statsforvalteren i Rogaland >Miljø og klima >Verneområde: <https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/Verneomrade/>

Statsforvalteren i Rogaland: <https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/>

Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/>

10. Vedlegg

Informasjon om høyringa er å finna på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside under høyringar [Høyringar | Statsforvaltaren i Rogaland](#) og heile saka finst under tema Verneområde

- Høyringsbrev
- Høyringsdokument
- Adresseliste
- Kart og forskrift for Djupalia naturreservat i Sandnes kommune
- Kart og forskrift for Riskadalsvatnet naturreservat i Hjelmeland kommune
- Naturfaglege rapporter

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb. 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

